



# Sykkylven Industri- og Næringslag

Kommunal- og distriktsdepartementet  
Kommunalavdelingen  
Postboks 8112 Dep., 0032 Oslo  
Akersgt. 59  
Oslo

Viser til høyringsbrev 22/7573 med bakgrunn i rapport frå eit ekspertutvalg om nytt inntektssystem for fylkeskommunane frå 2024.

***Sykkylven Industri- og Næringslag representerer 42 medlemsbedrifter i Sykkylven Kommune. Våre medlemmar har om lag 2.000 arbeidstakarar og ei samla omsetning på over 5 milliard. Bedriftene er heilt avhengig av gode transporttilhøve, forutsigbare rutetider på ferjene, og et rutetilbud som sikrer vidare utvikling av bedriftene.***

Ferjer og tilhøyrande infrastruktur er og vil i den nærmaste framtid være sterkt nødvendig for industrien i Møre og Romsdal. Fylket vårt har særskilt mykje verdiskapande industri og mykje av eksportnæringa til Noreg ligg i dette fylket. Dei fleste bedriftene er lokalisert slik at det er nødvendig å oppretthalde eit godt ferjetilbud.

Sykkylven er avhengig av ferje til og frå kommunen. Bedriftene er avhengig av transport for ansatte, komponentar og ferdigprodukt til og frå kommunen. Sykkylven har 3 hovudårer, Fylkesveg 60 mot Stranda, Ferjesambandet Hundeidvik- Festøya som koplei kommunen direkte på sørgåande E39 og ferjesambandet Sykkylven- Magerholm som knytter kommunen til Ålesund og nordgåande E39.

## **Fylkesveg 60**

Den eine er Fylkesveg 60 med 10% stigning over Strandafjellet, som er ein av fylkets høgaste fjellovergangar, med utfordringar kvar vinter av vogntog som står fast. Tunell igjennom Strandafjellet burde vore prioritert for lenge sidan. Det hadde sikra god infrastruktur og fungerande arbeids- og utdanningsmarknad mellom Sykkylven og Stranda.

## **Hundeidvika - Festøya**

Dette ferjesambandet er viktig for industrien, der bedrifter på begge sider av sambandet er nært knytt til kvarandre. Dette ferjesambandet har allereie mista alle avgangane på laurdager. Sambandet har avganger kun på dag og ettermiddag i kvardagane og på søndagar. Dette ekskluderer to nære arbeidsmarknader til å fungere saman. Dette fører også til at kultur og idrettstilbud på kveldstid og helg fører til betydeleg lengre reiseveg.

Sykkylvsvegen 125 6230 Sykkylven [lill@skaprglede.no](mailto:lill@skaprglede.no) tlf: 96012410



## Sykkylven – Magerholm

Er eit av dei mest trafikkerte ferjesambanda i Noreg. Dette sambandet burde heller ha fleire avgangar, enn diskusjon om reduksjon i tilbodet. Sambandet har i "normal tid" 3 avgangar i timen og ei forutsigbar rutetid. Enkeltavgangar i kvardagen knytta til pendlartrafikken er overfylte, og hyppige avgangar er og må vere ei sjølvfølge. Samt at tilbodet i høgtider må ha en tilfredsstillande frekvens som gjer det mogeleg for arbeidstakarar å pendle mellom Ålesund og Sykkylven, noko det ikkje gjer i dag.

Reduksjon i tilbodet midt på dag, liknar meir ei skrivebordsøving, enn realitet. Dessverre er det bedriftene som blir skadelidande av reduksjonen i desse forslaga. Ein konsekvens er dessverre at industrien mister eit forutsigbart rutetilbod ferjesambandet har hatt på dagtid, og tidleg kveld.

Dårlegare samferdselstilbod fører til økte kostnader for verdiskapande industri, både i Sykkylven, Sunnmøre og Vestlandet. Slik forslaget er blir enda meir av kostnadene lagt på desse bedriftene, og det er feilslått politikk. Det er nettopp her verdiskapinga skjer, og det må derfor ikkje gjere dette vanskelegare enn det allereie er.

Vil sjå dei plassane på austlandet som vil godta at vegen er stengd på natta, eller i beste fall open kun et minutt anna kvar time. I tillegg er «ekspertforslaget» nå å stenge vegen ut av Sykkylven fleire perioder på dagtid.

Rapporten til ekspertutvalget tar heller ikkje hensyn til kvar verdiskapinga skjer i Norge, og for Sykkylven sin del som har bedrifter som eksporter store verdiar er logistikkostnadane en stor utgiftspost.

Formelen for venting på ferje i rapporten, er vel noko en etter beste evne prøver å sette en verdi på. Denne blir uansett ikkje vekta nok:

- Bedrifter taper produksjon ved dårligere ferjetilbod.
  - o kan vere reservedeler som kjem seinare inn.
  - o Bedriftene må legge til rette for at ansatte kan begynne seinare eller slutte tidligare for for å tilpasse rutetider. Avgang tidleg på dag og seint på kveld er ikkje tilpassa bedrifter og helsevesen som arbeider skift.
  - o Transportbedrifter kalkulerer ekstra for at ferje er kostnadsdriver, ventetid, og verste fall kjem ikkje med ferga pga kapasitet.
  - o Rekrutering av kompetanse, fordi pendling med ferje blir utfordring.
- Demografiutviklinga blir utfordra og verste fall negativt forsterka.

Vil tru rapporten er levert etter bestillinga, men landet må ikkje bli styrt etter slike rapporter. I dette arbeidet er det viktig å behalde kontakta med kvardagen til det som skjer i distriktsnorge.

Vil til slutt oppfordre på sterkaste at det ikkje blir kutt, men heller den nødvendige auke i midlar til ferje, utan at det må gå på bekostning av vedlikehald og andre tilbod som fylket har ansvaret for.



# Sykkylven Industri- og Næringslag

Ferje har over år vore en kamp for bedrifter og innbyggjarane i ferjefylket M&R. Et tilfredsstillande ferjetilbod, burde ikkje vore nødvendig for bedriftene å bruke tid på.

**Skal vi kan sikre velferdsstaten og framtidig verdiskapning i Norge, må dette på plass. Desse verdien vil også det sentrale austland ha behov for, samt nyte godt av.**

Sykkylven Industri- og Næringslag.

3. mars 2023